



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Stord kommune  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Stord rådhus  
**Dato:** 01.03.2018  
**Tidspunkt:** 16:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 55 23 94 53/911 05 982,

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

### Tidsplan:

- Kl. 14.00 Godkjenning av innkalling og sakliste, samt protokoll
- Kl. 14.05 Ordførar og rådmann orienterer om etikkarbeidet i Stord kommune
- Kl. 14.45 Sakshandsaming held fram

Fredrik Litleskare  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/18	Status for etikkarbeidet i Stord kommune		2016/58
PS 4/18	Budsjettsituasjonen for kontrollutvalet i 2018		2015/179
PS 5/18	Ny personvernlov frå 2018 - konsekvensar for kommunane		2018/19
PS 6/18	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - status i arbeidet		2017/17
PS 7/18	KPMG presenterer interimrevisjonsrapport for 2017		2015/178
PS 8/18	Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - forslag til prosjektplan		2017/108
PS 9/18	Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16		2016/80
PS 10/18	Årsrapport frå skatteoppkrevjaren og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 - Stord kommune		2016/55
PS 11/18	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 12/18	Referatsaker		
RS 1/18	Budsjettbrev Stord		2015/178
RS 2/18	Eksterne tilsyn med Stord kommune i 2017		2014/298
RS 3/18	Fylkesmannen - inspeksjonsrapport 2017 - forsøpling		2014/298
RS 4/18	Mattilsynet - Tilsynsrapport 2017 - Knutsaåsen omsorgssenter		2014/298
RS 5/18	Statens jernbanetilsyn - bekreftelse på mottatt dokumentasjon og avsluttet tilsyn		2014/298
RS 6/18	NKRF kontrollutvalskonferansen 7.-8. februar 2018		2016/2
RS 7/18	Invitasjon til FKTs fagkonferanse 29. - 30. mai 2018 på Gardermoen		2016/2
PS 13/18	Eventuelt		

**PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 007  
Arkivnr: 2016/58-5  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	3/18	01.03.2018

### Status for etikkarbeidet i Stord kommune

#### Det er sendt slik epost til ordfører og rådmann:

«Stord kommune v/ ordfører og rådmann

På kontrollutvalet sitt siste møte av året, vart det i sak PS 51/17 Evt. drøfta oppfølging av nokre saker som utvalet har vore engasjert i.

Det vert vist til underpkt. 3 i kontrollutvalet sitt vedtak:

Etikkarbeid i Stord kommune.

- Utvalet ønskjer å invitera ordfører og rådmann til første kontrollutvalsmøte i 2018, for å orientera om arbeid med etikk i Stord kommune.

Kontrollutvala er generelt opptekne av arbeidet med etikk i kommunane. Det var saker oppe i Stord kontrollutval i 2013 og sist i 2014, der følgjande vart protokollert i sak PS 42/14:

#### **Handsaming i møtet:**

*Personal- og organisasjonssjef Annlaug Tenold orienterte om status når det gjeld etisk reglement / retningslinjer i Stord kommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart peika på at det vil vera viktig å setja fokus på etikkarbeid i Stord kommune si årsmelding for 2014. Informasjonen ellers vart teke til orientering.*

#### **Vedtak:**

*Informasjon om etisk reglement i Stord kommune vart teke til orientering.*

Rådmannen var den gong invitert inn i møtet, men var forhindra, så personal- og organisasjonssjef Annlaug Tenold møtte i staden. Ofte er kontrollutvala interessert i betraktningar både frå ordfører og rådmann, og det er dette Stord kontrollutval ønskjer denne gongen.

**Såleis vert ordfører og rådmann invitert til å vera tilstades på utvalet sitt møte 01.03.2018. Møtet skal vera i formannskapssalen og startar kl. 14.00. Om det passar kan saka takast som første ordinære**

**sak etter godkjenning av innkalling og protokoll – td. i tidsrommet 14.05. – 14.45. Dette kan og vera eit greitt høve for at ordføraren og kontrollutvalet får helsa på einannan.**

Ei slik orientering kan t.d. innehalde slike opplysningar:

1. Kva er gjort på området siste året
2. Kva er planlagt å gjere det neste året
3. Er det gjennomført dilemmatrening
4. Er det halde kurs eller seminar
5. Osv.»

Det vil vera ei føremon om det også vert orientert om kommunen har laga eit antikorrupsjonsprogram eller har vurdert å lage eit slikt program. Jf. i samband med dette «Håndbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen» som du finn på denne lenkja: <http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/etikk/antikorrupsjon/handbok-i-antikorrupsjon/>

Vi viser også til at Oslo kommune på sine nettsider har lagt ut døme på dilemmatrening på denne lenkja: [https://www.kslaring.no/pluginfile.php/64746/mod\\_resource/content/5/index.html](https://www.kslaring.no/pluginfile.php/64746/mod_resource/content/5/index.html)

Ber om **tilbakemelding innan 31. januar 2018** på om ordførar og rådmann har høve til å møte kontrollutvalet 01.03.18 for å gje slik orientering, og om tidspunkt på dagen passar.»

Både ordførar og rådmann har stadfesta at dei har sett av tid frå starten av på kontrollutvalet sitt møte 01.03.18.

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151  
Arkivnr: 2015/179-45  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	4/18	01.03.2018

## Budsjettsituasjonen for kontrollutvalet i 2018

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet sitt budsjettforslag for 2018 var totalt sett på kr. 1.016.413.  
I budsjettframlegget som rådmannen la fram var budsjettet redusert til kr. 993.274.  
Kommunestyret føretok ytterlegare reduksjon med kr. 50.000,- til kr. 943.274.

Utvalet har såleis om lag kr. 73.000 mindre til disposisjon enn det utvalet meinte skulle til for å driva eit tilfredsstillande kontrollarbeid i 2018.

Dessutan vart forvaltningsrevisjon for 2017 kraftig forseinka, både grunna forhold hjå dåverande revisor og Stord kommune, med den følgje at om lag kr. 174.000 kjem på 2018, inkl. opsjon om presentasjon for kommunestyret. Denne summen var teke høgde for i budsjett for 2017 med ikkje i budsjett for 2018.

Legg ein saman desse to summene, så er utgangspunktet for kontrollutvalet kr. 247.000 mindre enn utvalet såg for seg for 2018.

### Drøfting.

#### Revisjon.

Budsjett for revisjon er på kr. 632.120. Utvalet såg for seg 657.400 dersom ein føreset at ekstra tiltaksmidlar på kr. 40.000 ville blitt nytta på revisjonsoppgåver.

Til alt hell var tilbod på revisjonstenester noko lågare for ny avtaleperiode frå 01.07.2017 til 30.06.2021 enn i førre avtaleperiode. Det avhjelper situasjonen. Så er det sjølvsagt ei stor utfordring med prosjekt innan forvaltningsrevisjon for 2017, der storparten av utgifter kjem i 2018.

Sekretariatet vurderer det slik at utvalet greier å finansiera dette innafor budsjetttramma:

- Fastpris for rekneskapsrevisjon, attestasjonar mv.
- Avslutning av forvaltningsrevisjon for 2017 – restsum som kjem i 2018
  - Presentasjon av denne for kommunestyret
- Ny forvaltningsrevisjon med timeramme jmf. prosjektplan i anna sak til dette møtet.
  - Presentasjon for kommunestyret

Sekretariatet meiner at det ikkje er midlar til dette:

- Timebaserte tenester innan selskapskontroll, som er eit av kontrollutvalet sine ansvarsfelt. Utvalet såg for seg at det ville gå med kr. 48.000 til dette føremålet.
- Grundig evaluering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. Etter vedtak i kommunestyret har utvalet fullmakt til å evaluera planane i løpet av planperioden 2016 – 2020. Det naturlege ville vera å ta dette midt i perioden, altså i 2018. Her lyt ein truleg avgrensa dette til kun ei mindre drøfting i eit kontrollutvalsmøte.
- Ekstrabestillingar undervegs i året dersom noko skulle oppstå. Kontrollutvalet ba om at det vart sett av kr. 40.000 til slik føremål.

### Sekretariatstenester.

Kontrollutvalet budsjetterte med kr. 205.535. Det er løyvt kr. 185.767.

Budsjettsum er sett opp på bakgrunn av siste anbodskonkurransen, kostnader dei siste par åra i Stord kommune og kostnader i samanliknbare kommunar. Sekretariatet tilrår at løyvt sum vert ståande, sjølv om ramma er om lag kr. 20.000 lågare enn det utvalet såg for seg. Det inneber at det er liten mulighet for evt. ekstramøte i løpet av året, ut over dei 5 møta som går fram av vedteken møteplan, innafor tildelt ramme.

### Kontrollutvalet

Møtegodtgjersle for 2018 er om lag som for 2017, men konsumprisregulert. I 2017 var det 5 møter. Ein bør derfor satsa på å klara seg med 5 møter også i 2018, jmf. vedteken møteplan.

Folkevaldopplæring er særst viktig for å driva eit godt kontrollarbeid, ikkje minst i Stord kommune der det har vore så pass mange utskiftingar av utvalsmedlemmar i inneverande valperiode. Såleis var det kjærkomment at heile utvalet kunne delta på folkevaldopplæring for kommunane i Hordaland i januar 2018. Hordaland fylkeskommune var arrangør og det var om lag 90-100 deltakarar frå 27 kommunar.

Det er to landsdekkande fagkonferansar for kontrollutvala i året. Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse vart halden 07.-08.02.18. Kontrollutvalet på Stord gjorde vedtak om at utvalsleiar Fredrik Litleskare skulle reisa. Han vil orientera utvalet i løpet av møtet om kva inntrykk han set att med etter å ha vore tilstades.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er ein medlemsorganisasjon for kontrollutvala og deira sekretariat. Stord kommune er medlem. FKT held sin fagkonferanse med årsmøte på Gardermoen 29.-30.05.2018. Kontrollutvalet vedtok dette 27.11.17 i sak PS 51/17, underpunkt 7:

1. FKT, fagkonferanse 29. – 30. mai 2018.
  - Utvalet går inn for å vera representert med minst ein person.
  - Tal deltakarar vert vurdert på neste utvalsmøte.

Budsjettet er svært stramt. Sekretariatet kan ikkje tilrå at fleire enn ein person deltek i 2018, slik budsjettssituasjonen er blitt.

Rammebudsjett

Kontrollutvalet sitt budsjett er å sjå på som eit rammebudsjett. Såleis er det total kostnadssum for året som er det mest sentrale talet. Men det hjelper lite dersom det er knapt budsjett innafor alle saksfelt. Litt hjelp i rammebudsjettering vil det likevel vera, då det er nokre områder der kostnaden er noko over budsjettert sum, der ein drar nytte av om det er nokre kroner att på andre kostnadsarter.

Andre forhold.

Det vert vist til saksframlegg i kontrollutvalet si budsjettsak, første avsnitt under drøfting:

*«Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.»*

Det vert konstatert at første nedtrekk ift. kontrollutvalet sitt budsjettframlegg er å finna i budsjettframlegget frå rådmannen.

Vegen vidare / konklusjon

Rekneskapsstatus for 2017 syner at det er ein udisponert sum på om lag kr. 330.000. Det skuldast i hovudsak at forvaltningsrevisjonen som skulle gjennomførast i 2017 vart sterkt forseinka, som omtalt overfor, slik at kostnader på kr. 174.000, inkl. opsjon på presentasjon for kommunestyret, kjem i 2018. Dessutan vart det grunna forseinking / leveringsvanske og overgang til ny revisor, ikkje føreteke ny bestilling dette året.

Ettersom midlane for 2018 i realiteten er disponert dersom utvalet gjer vedtak i tråd med innstillingane i dette møtet, må utvalet vurdere om det skal søkast om tilleggsøyving. Eller sagt på ein annan måte at ein td. ber om å få disponera omlag halvparten av den unytta løyvinga frå 2017.

Det bør vera eit handlingsrom for kontrollutvalet ift. ting som dukkar opp i løpet av året, aktivitet innan selskapskontroll og førebuing relatert til evaluering av planar.

I forslag til innstilling er det nytta den kronesummen som skulle vore belasta i 2017, men som grunna forseinking fell på 2018. Kontrollutvalet hadde fått opplysning om at prosjektet var litt forseinka, og har gjeve tydelege meldingar til tidlegare revisor om at det aller aller meste av arbeidet måtte gjerast i 2017. Det var først på nyåret at sekretariatet og utvalet vart informert om at forseinkinga hadde så store økonomiske følgjer for utvalet sitt budsjett i 2018.

**Forslag til innstilling**

Grunna forseinka ferdigstilling / kostnadsføring av pågåande forvaltningsrevisjon frå 2017 til 2018, søker kontrollutvalet om ekstraløyving på kr. 174.000 for 2018. Det tilsvarar kostnader for forvaltningsrevisjon i 2017 som vert kostnadsført i 2018, og summen er godt innafor unytta budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2017.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Vedlegg

- 1 Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2018
- 2 Kommunestyret si løyving til kontrollarbeidet for 2018
- 3 Rekneskapsstatus 2017 for kontrollutvalet

## Budsjettforslag for kontrollutvalet i Stord kommune for 2018

Konto	Tekst	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Merknad
10802	Utval / leiargodtgjersle	kr 32 968	kr 36 616	kr 37 144	Utvalsleiar 4% av løn stortingsrepr.
10803	Møtegodtgjersle	kr 25 801	kr 17 685	kr 18 386	Timesats 0,02% av stortingsrepr.
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr 8 773	kr 10 527	kr 10 500	
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste			kr 1 260	
	Delsum	kr 67 542	<b>kr 64 828</b>	<b>kr 67 290</b>	
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 9 531	kr 8 995	kr 9 488	
	Delsum	kr 77 073	<b>kr 73 823</b>	<b>kr 76 778</b>	
11400	Annonse	kr -	kr 5 263	kr 5 300	
		kr -	kr -	kr -	
11008	Faglitteratur og abonnement	kr 2 000	kr 2 105	kr 2 400	
11151	Servering på møta	kr -	kr -	kr 5 000	
		kr -	kr -	kr -	
11500	Kurs og etterutdanning	kr -	kr 15 790	kr 16 000	
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr -	kr 15 000	
11600	Skyss og kostgodtgjersle	kr 718	kr -	kr -	
11709	Andre reiseutgifter utlegg	kr 446	kr 21 054	kr 25 000	
11951	Kontingentar	kr 4 200	kr 4 105	kr 8 000	FKT årsmøtevedtak 2017
13300	Kjøp av sekretariatstenester	kr 231 375	kr 181 060	kr 205 535	Avtale fom. 1/1-17 konsumprisjust.
		kr -	kr -	kr -	
12702	Konsulent/rådgj.ten. (Revisjon)	kr 526 897	kr 663 185	kr 617 400	Avtale fom. 1/7-17.
13750	Ekstra tiltaksmidlar	kr -	kr -	kr 40 000	
	Delsum	kr 765 635	<b>kr 892 562</b>	<b>kr 939 635</b>	
14290	Meirverdiavgift	kr 189 568	kr 212 905	kr 234 409	
17290	Moms-kompensasjon	kr -189 568	kr -212 905	kr -234 409	
		kr -	kr -	kr -	
15001	Renteutgifter	kr 143	kr -	kr -	
	Total budsjetttramme	kr 842 851	<b>kr 966 385</b>	<b>kr 1 016 413</b>	

**1099-1100 Revisjon og kontroll**

<b>Konto</b>	<b>Beskrivelse</b>	<b>Regnskap 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>
10802	Utval/leiargodtgjersle	32 968	36 616	37 568
10803	Møtegodtgjersle	25 801	17 685	18 145
10804	Tapt arbeidsforteneste	8 773	10 527	10 801
10990	Arbeidsgjevaravgift	9 531	8 995	9 298
11008	Faglitteratur og abonnement	2 000	2 105	2 160
11400	Annonse	0	5 263	5 400
11500	Skyss/kostgodtgjersle	718	15 790	16 201
11709	Andre reiseutgifter utlegg	446	21 054	21 601
11951	Kontingent	4 200	4 105	4 212
12702	Konsulent-/ Rådgiv.-tenester	526 897	663 185	632 120
13300	Kjøp teneste frå fylket	231 375	181 060	185 768
14290	Mva på vederlag mva-pliktig	189 568	212 905	1 890
15001	Renteutgifter forseint bet.rekningar	143	0	
17290	Kompensasjon for mva	-189 568	-212 905	-1 890
	<b>Netto utgift kontrollutval</b>	<b>842 852</b>	<b>966 385</b>	<b>943 274</b>



Konto	Konto(T)	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017
10802	Utval/leiargodtgjersle	32 967,70	36 276,00
10803	Møtegodtgjersle	25 801,38	13 571,58
10804	Tapt arbeidsforteneste	8 773,34	1 756,04
10990	Arbeidsgjevaravgift	9 530,90	7 276,08
11008	Faglitteratur og abonnement	2 000,00	2 000,00
11152	Servering møter/kurs		2 398,00
11400	Annonse	-	-
11500	Kurs og etterutdanning	-	6 400,00
11600	Skyss/kostgodtgjersle	717,50	
11709	Andre reiseutgifter utlegg	446,00	7 084,55
11951	Kontingent	4 200,00	4 300,00
12702	Konsulent-/ rådgiv.-tenester (ekstern revisor)	526 896,92	353 154,50
13300	Kjøp teneste fylket	231 375,02	190 733,76
14290	Meirverdiavgift som gir rett til kompensasjon	189 568,00	136 495,51
15001	Renteutgifter forseint bet.rekningar	142,66	
16200	Avgiftsfrie salsinntekter		-1 100,00
17290	Kompensasjon for mva	-189 568,00	-136 495,51
1100	Revisjon og kontroll	842 851,42	623 850,51

<b>Årsbudsjett 2017</b>	<b>Avvik 2017</b>
36 616,00	340,00
17 685,00	4 113,42
10 527,00	8 770,96
8 995,00	1 718,92
2 105,00	105,00
-	-2 398,00
5 263,00	5 263,00
15 790,00	9 390,00
21 054,00	13 969,45
4 105,00	-195,00
663 185,00	310 030,50
181 060,00	-9 673,76
212 905,00	76 409,49
-	1 100,00
-212 905,00	-89 644,58
966 385,00	329 299,40



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 064  
Arkivnr: 2018/19-1  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	5/18	01.03.2018

## Ny personvernlov frå 2018 - konsekvensar for kommunane

### Bakgrunn

EU sin personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), vil tre i kraft for alle medlemsstatar i EU, også for Norge i mai 2018. Dette vil medføra ei rekkje endringar i norsk personvernlovgjeving.

På datatilsynet sine nettsider har vi bl.a. funne ei punktliste som viser kva dei nye personvernreglene kan bety: «*Nye personvernregler fra 2018. Hva betyr det for din virksomhet*». Denne ligg som vedlegg. Meir informasjon finn ein på denne lenka: <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-skjema/nye-personvernregler/>

Sekretariatet har delteke på fleire ulike kurs om den nye personvernlova, og har i den samanheng fanga opp ein del problemstillingar som det kan vera fornuftig at kontrollutvalet tek opp med rådmannen, for å forsikra seg om at kommunen er i gang med naudsynte tilpassingar.

### Drøfting

På denne bakgrunn bør kontrollutvalet vurdere om ein skal innhenta informasjon om kva konsekvensar dette vil få for kommunen.

Utvalet kan f.eks. be rådmannen svare på desse 7 spørsmåla:

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?
7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?

### **Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over, blir det rådd til at kontrollutvalet ber om at rådmannen til neste møte svarar skriftleg på spørsmåla som går fram av spørsmålsstillingane over. Vidare blir det rådd til at rådmannen kjem i neste møte for å orientera munnleg i tillegg om saka.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 04.04.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 18.04.2018 for å orientera munnleg om saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### **Vedlegg**

- 1 Datatilsynet om kva nye personvernreglar frå 2018 betyr for di verksemd



## Hva blir nytt?

1

### Alle norske virksomheter får nye plikter

Alle virksomheter må sette seg inn i den nye lovgivningen og finne ut hvilke nye plikter som gjelder dem. Ledelsen må sørge for å få på plass rutiner for å overholde de nye pliktene. Alle ansatte må følge de nye rutinene når reglene trer i kraft.

2

### Alle skal ha en forståelig personvern-erklæring

Informasjon om hvordan din virksomhet behandler personopplysninger skal være lett tilgjengelig og skrevet på en forståelig måte. Det nye lovverket stiller strengere krav til informasjonens form og innhold enn dagens lovgivning. All informasjon som gis til barn, skal tilpasses barnas forståelsesnivå.

3

### Alle skal vurdere risiko og personvernkonsekvenser

Dersom et tiltak utgjør en stor risiko for personvernet, må virksomheten også utrede hvilke personvernkonsekvenser det kan ha. Hvis utredningen viser at risikoen er stor og dere selv ikke kan redusere den, skal Datatilsynet involveres i forhåndsdrøftelser.

4

### Alle skal bygge personvern inn i nye løsninger

De nye reglene stiller krav til at nye tiltak og systemer skal utarbeides på en mest mulig personvernvennlig måte. Dette kalles innebygd personvern. Den mest personvernvennlige innstillingen skal være standard i alle systemer.

5

### Mange virksomheter må opprette personvernombud

Alle offentlige og mange private virksomheter skal opprette personvernombud. Et personvernombud er virksomhetens personverneksper, og et bindeledd mellom ledelsen, de registrerte og Datatilsynet. Ombudet kan være en ansatt eller en profesjonell tredjepart.

6

### Reglene gjelder også virksomheter utenfor Europa

Virksomheter som holder til utenfor

Europa må også følge forordningen, dersom de tilbyr varer eller tjenester til borgere i et EU- eller EØS-land. Dette gjelder også om de ikke direkte tilbyr tjenester, men kartlegger adferden til europeiske borgere på nett. De som er etablert i flere land i Europa, skal bare trenge å snakke med personvernmyndighetene i det landet der de har sitt europeiske hovedkvarter.

7

### Alle databehandlere får nye plikter

Databehandlere er virksomheter som behandler personopplysninger på oppdrag fra den ansvarlige virksomheten. Ofte er det snakk om leverandører av IT-tjenester. De nye reglene pålegger databehandlere å ha rutiner for innsamling og bruk av personopplysninger. Databehandlere skal også si ifra til oppdragsgiveren sin hvis de får instruksjoner som er i strid med loven. Oppdragsgiver skal også godkjenne databehandlerens underleverandører. Databehandlere kan også bli holdt økonomisk ansvarlig sammen med oppdragsgiver.

8

### Alle bør samarbeide i egne nettverk og følge bransjenormer

De nye reglene oppmuntrer til sektorvis utforming av retningslinjer og bransjenormer. Om dere følger bransjenormer, vil dere ha de viktigste rutinene på plass. Datatilsynet skal godkjenne bransjenormene.

9

### Alle får nye krav til avvikshåndtering

Reglene for håndtering av sikkerhetsbrudd blir strengere. Forordningen stiller krav til når det skal varsles, hva varselet skal inneholde og hvem som skal varsles. Kort sagt skal man si fra raskere og oftere enn man gjør i dag.

10

### Alle må kunne oppfylle borgernes nye rettigheter

Den enkeltes rett til å kreve at hans eller hennes personopplysninger slettes blir styrket. Dette kalles «retten til å bli glemt». Norske og europeiske borgere vil blant annet kunne kreve å ta med seg personopplysningene sine fra en leverandør til en annen i et vanlig brukt filformat. Dette kalles «dataportabilitet». De kan også motsette seg profilering. Alle henvendelser fra borgere skal besvares innen en måned.

## Hva bør dere gjøre nå?

1

### Ha oversikt over hvilke personopplysninger dere behandler

Alle virksomheter som samler inn eller bruker personopplysninger skal ha oversikt over hvilke personopplysninger det er snakk om, hvor de kommer fra og hva som er det rettslige grunnlaget for behandlingen. Sørg for å ha en slik oversikt. Det er et krav som gjelder også etter dagens lov.

2

### Sørg for å oppfylle dagens lovkrav

Overgangen til de nye reglene blir lettere om dere etterlever kravene i personopplysningsloven, som gjelder i Norge i dag. Har dere gode rutiner for internkontroll som fungerer etter hensikten og er kjent i organisasjonen, er det lettere å få oversikt over hva dere må endre.

3

### Sett dere inn i det nye regelverket

Dere finner forordningsteksten på Datatilsynets nettsider. Der fyller vi også på med artikler om de nye reglene etter hvert som vi utarbeider dem.

4

### Lag rutiner for å følge de nye reglene

Gå gjennom rutinene dere har for behandling av personopplysninger. Oppdater dem etter nytt regelverk der det trengs. Dokumenter de nye rutinene, og legg en plan for nødvendige endringer. Er systemene deres laget for å ivareta kravet til innebygd personvern, dataportabilitet og personvern som standardinnstilling? Klarer dere å fange opp og besvare henvendelser fra borgerne innen én måned? Endringer i systemer og rutiner tar tid. Begynn allerede nå!

[datatilsynet.no/forordning](https://datatilsynet.no/forordning)



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2017/17-24  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	6/18	01.03.2018

## Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - status i arbeidet

### Bakgrunn for saka

#### Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 4.4.17:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av «Prosjektstyring og oppfølging av investeringar» frå Deloitte, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Som prosjekt/case vert å nytta Stord ungdomsskule som pågåande prosjekt, samt eit avslutta prosjekt innan VA-sektoren.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
4. Det vert og akseptert opsjon på presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre, faktuert etter timeforbruk inntil 6 timar.
5. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til rådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 06.11.17, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

#### Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere kommunen sine retningslinjer og rutinar for gjennomføring av investeringsprosjekt.

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgende problemstillinger:**

**1. Har Stord kommune etablert retningslinjer og rutinar som sikrar ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt? Under dette:**

- a. Er rolle- og ansvarsdelinga i samband med planlegging og igangsetting av investeringsprosjekt tydeleg?
- b. Er rolle- og ansvarsdelinga i samband med gjennomføringa av investeringsprosjekt tydeleg?
- c. Er det etablert tydelege retningslinjer for rapportering i samband med gjennomføring av investeringsprosjekt?

**2. Har Stord kommune tilfredsstillande retningslinjer og rutinar for prosjektstyring av investeringsprosjekt?**

- a. I kva grad er det etablert tydelege retningslinjer og rutinar for initiering og planlegging av investeringsprosjekt? Under dette:
  - i. Utarbeiding av kalkylar og ev. revisjon av kalkylar
  - ii. Budsjettering, inkl. periodisering
  - iii. Utarbeiding av framdriftsplan med tidsfristar
  - iv. Definere mål for kvalitet
  - v. Gjennomføre risikovurderingar av framdriftsplan og økonomien i prosjektet
- b. I kva grad er det etablert tydelege retningslinjer og rutinar for gjennomføring av investeringsprosjekt? Under dette:
  - i. Fastsetting av prosjektorganisering med klare ansvarsforhold, fullmakter og rapporteringslinjer
  - ii. Kontrahering
  - iii. Oppfølging av kontraktar og samhandling med eksterne aktørar
  - iv. Styring av økonomien i prosjekt (både totalprosjekt og tilhøyrande delprosjekt)
  - v. Oppfølging av endringsmeldingar, inkl. vurdering av konsekvensar for framdrift og økonomi
  - vi. Rapportering i gjennomføringsfasen, både internt i administrasjonen og til politisk nivå
- c. I kva grad er det etablert tydelege retningslinjer og rutinar for avslutning av investeringsprosjekt? Under dette
  - i. Ferdigstilling av prosjektrekneskap
  - ii. Befaring og kvalitetssikring av leveranse
  - iii. Rapportering til politisk nivå
  - iv. Evaluering av gjennomført prosjekt og erfaringsoverføring

**3. Gjennomfører Stord kommune investeringsprosjekt i samsvar med kommunale retningslinjer og anbefalt praksis for prosjektstyring? Under dette:**

- a. Initiering/planlegging av investeringsprosjekt – med særleg fokus på kalkylar og fastsetting av økonomiske rammer, val av entreprisform, og risikovurdering av prosjektbudsjetten
- b. Gjennomføring av investeringsprosjekt – med særleg fokus på prosjektorganisering, oppfølging av økonomi i del- og totalprosjekt, oppfølging av endringar, samhandling med eksterne aktørar, og rapportering om framdrifts- og kostnadsutvikling
- c. Avslutning av investeringsprosjekt – med særleg fokus på ferdigstilling av

prosjektrekneskap, rapportering til politisk nivå og evaluering av gjennomført prosjekt

#### **Tidlegare statusrapporteringar:**

**Kontrollutvalet sitt møte 16.05.2017.** Dette vart protokollert i sak PS 26/17:

#### **Handsaming i møtet:**

Else Holst-Larsen i Deloitte AS orienterte om at:

- Revisjonen er starta opp og det er bede om ein del informasjon innan 29.05.17.
- Planlagde case i saka samsvarar med kontrollutvalet sine innspel.
- Ferdigstilling innan fristen som kontrollutvalet sette – altså innan 06.11.17.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Informasjonen vert teken til orientering.

**Kontrollutvalet sitt møte 30.08.2017.** Dette vart protokollert i sak PS 33/17:

#### **Handsaming i møtet:**

Utanom prosjekt relatert til Stord ungdomsskule, drøfta utvalet kva VA-prosjekt som kunne vera aktuelt.

Etter sams drøfting kom slik alternativt forslag til pkt. 1:

*Kontrollutvalet tar statusrapporteringa til orientering. Basert på den ber utvalet revisor om å nytta prosjekt nr. 9089 Vikastemma (VA-anl. Vabakk. – Vikast.) som eit case vidare.*

Alternativt forslag til vedtak i pkt. 1, samt forslag til vedtak i pkt. 2 og 3, vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tar statusrapporteringa til orientering. Basert på den ber utvalet revisor om å nytta prosjekt nr. 9089 Vikastemma (VA-anl. Vabakk. – Vikast.) som eit case vidare.
2. Utvalet tar til orientering at det er liten sjanse for at rapporten vert ferdig primo november d.å., men ber om at arbeidet held fram vidare, utan ugrunna opphald.
3. Det vert bede om ny statusrapportering i neste kontrollutvalsmøte.

**Kontrollutvalet sitt møte 27.11.2017.** Dette vart protokollert i sak PS 44/17:

#### **Handsaming i møtet:**

Etter sams drøfting vart ordlyden i pkt. 2 og 3 forsterka ein del.

Forslag til vedtak, med endringar i pkt. 2 og 3, vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet henstiller om at Deloitte gjer mest mulig av gjenstående revisjonsarbeid før årsskiftet 2017/2018.
2. Utvalet forventar at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 02.02.2018, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
3. Kontrollutvalet ber Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til rådmannen, om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
4. Rapporten vert å handsama i første kontrollutvalsmøte i 2018.

Drøfting:

Deloitte AS er som kjent ikkje lenger revisor for Stord kommune, men det følgjer av avtalen dei hadde med Stord kommune at oppdrag som starta opp medan dei var revisor skal fullførast.

Forvaltningsrevisor har sendt over ein statusrapport som er vedlagt saka. Her kjem fram opplysningar om forhold som har seinka prosjektet både hjå Deloitte AS og i Stord kommune. Forvaltningsrevisor har og meddelt at mindre enn halvparten av timar avsett til prosjektet vart gjennomført i 2017.

Refleksjonar i etterkant av denne informasjonen:

- Det er sterkt beklageleg at prosjektet er blitt såpass forseinka. Ein forvaltningsrevisjon av denne storleik bør ikkje ta meire enn 6-8 månader, avhengig av om sommarferien er ein del av tida. I dette tilfellet var det lagt opp til 7 månader, medan det tar om lag 1 år med dei anslag me har i dag.
- Det er og sterkt beklageleg at mindre enn halvparten av timebruken vart gjennomført og følgeleg rekneskapsført i 2017. Det var budsjettert med midlar for ferdigstilling av prosjektet i 2017. Kontrollutvalet har såleis tilsvarande mindre midlar til rådvelde for nye prosjekt i 2018.

Konklusjon:

Det må forventast at Deloitte «set alle klutar til» for å få ferdigstilt prosjektet innan 04.04.2018, slik at rapporten kjem opp i kontrollutvalet sitt møte 18.04.2018. Desse datoane samsvarar med vedlagt statusrapport.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet forventar at Deloitte leverer revisjonsrapport innan 04.04.2018, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Rapporten vert å handsama i kontrollutvalet sitt møte 18.04.2018.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Milepelsrapport frå Deloitte av 20.02.18.

**Fra:** Johansen, Line Margrete (NO - Bergen)  
**Sendt:** 20. februar 2018 21:44  
**Til:** Hogne Haktorson  
**Emne:** Stord kommune - forvaltningsrevisjon

Hei,

Sender som avtalt ei kort løypemelding knytt til forvaltningsrevisjon av planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt i Stord kommune.

- Som nemnd i førre løypemelding (november) prøvde vi å få gjennomført så mykje som mogleg før jul, men vi peika samtidig på at det ikkje var sikkert det ville la seg gjere å få gjort så mykje som ønska, sidan den tidsmessige forskyvinga av prosjektet har medført at arbeidet må gjerast i tillegg til anna arbeid som er planlagt i denne perioden. Det viste seg også at vi dessverre ikkje fekk gjort så mykje som ønska før jul, og både delar av dokumentgjennomgangen, intervjuet og store delar av arbeidet med analyse og rapportskriving måtte difor utsettast til etter jul. Som nemnd skuldast dette allereie planlagde oppgåver i tida før jul, som ikkje kunne utsetjast for å finne tid til arbeidet med prosjektet i Stord når gjennomføringa av dette var blitt utsett grunna forseinkingar med dokumentasjonen. Dette medførte også at det viste seg å ikkje vere mogleg å levere ferdig rapport til møtet i starten av mars.
- 21. januar tok vi kontakt med kommunen for å avklare aktuelle intervjuobjekt og avtale intervju. Det tok då først noko tid å få tilbakemelding på om vårt utval av intervjuobjekt såg føremålstenleg ut, og deretter tok det tid å få tilbakemelding på våre føreslåtte tidspunkt for intervju. For å kunne vere fleksible på tidspunkt, og ikkje måtte finne ein dag som passa for alle, valde vi å gjennomføre intervjuet per telefon. Vi purra fleire gonger på tilbakemelding frå kommunen, og fekk til slutt tilbakemelding om at intervjuet kunne gjennomførast i løpet av nokre dagar i veke 6. Når vi ringte opp aktuelle personar på avtalt tidspunkt, viste det seg at det hadde vore ein intern kommunikasjonssvikt i kommunen, slik at fleire av dei vi skulle intervjuet ikkje var informert om dette. Vi måtte difor i fleire tilfelle endre tidspunkt og utsette intervjuet til veke 7. I løpet av veke 7 blei alle intervju gjennomført.
- Vi arbeider no med å ferdigstille intervjureferata, og vil sende desse ut til verifisering innan kort tid. Parallelt med verifisering av intervjureferata vil vi arbeide vidare med rapporten.
- Som avtalt med kontrollutvalet sitt sekretariat, tar vi no sikte på å levere ferdig rapport innan 4. april, slik at rapporten kan handsamast i kontrollutvalet sitt møte 18. april

Mvh,

**Line Margrete Johansen**

Senior manager | Risk Advisory  
Deloitte AS  
Damsgårdsveien 135, 5160 Laksevåg, Norway  
Tel/Main: +47 55 21 81 00 | Mobile: +47 952 15 727  
[lmjohansen@deloitte.no](mailto:lmjohansen@deloitte.no) | [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

--

**Deloitte.**



--

[Abonner på nyheter fra Deloitte](#)

**\*Disclaimer:** This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2015/178-59  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	7/18	01.03.2018

## KPMG presenterer interimsrevisjonsrapport for 2017

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

### Drøfting:

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollera at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Interimsrevisjonsrapporten bygger på revisjonsplan for 2017 frå KPMG AS, som vart presentert på kontrollutvalet sitt møte 27.11.2017.



I dette møtet vil KPMG AS presentera oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva som skal vera med.

Oppsummering av interimrevisjonsarbeidet ligg ved. Det er relativt lite kommentarar om funn i tilsendt oppsummering. Antar det er noko fleire detaljar i munnleg presentasjon på møtet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimrevisjon 2017 frå KPMG AS til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2017 frå KPMG AS til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 KPMG si oppsummering av interimrevisjon for 2017



# Stord Kommune. 2017

Oppsummering etter interimrevisjon



# Innhold

<b>Innhold</b>	
Status etter interim	3
Fokusområder for 2017 revisjonen ÅO	4




# Status etter interim

- Me har gjennomført lovpålagte handlinger iht ISA 510 som gjelder for nye revisjonsoppdrag. Dette innebærer at me har kontrollert at inngående balanse er utan vesentleg feil, samt at rekneskapsprinsipper anvendt av kommunen er forsvarelege
- Vi har utført planleggingshandlinger i henhold til revisjonsplan
- Me har gjennomgått kjerneprosessar saman med nøkkelpersonell innanfor ulike driftsinntekter, lønsutgifter innkjøp og bank.
- Me har gjennomgått transaksjonsflyt og internkontroll i kjerneprosessar
- Vi har identifisert fokus- / risikoområder som vil kreve oppfølging frem mot årsslutt (se egen slide).

# Fokusområder - finansregnskapet

Kommunen har flere ulike operasjonelle risikoer. I revisjonen har vi fokus på de forhold som potensielt kan påvirke poster i årsregnskapet.

Misligheter dukker stadig opp i media; det viktigste er et godt kontrollmiljø.





[kpmg.com/socialmedia](https://kpmg.com/socialmedia)



[kpmg.com/app](https://kpmg.com/app)



© 2017 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavor to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2017/108-8  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	8/18	01.03.2018

**Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - forslag til prosjektplan****Bakgrunn**

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 46/17 i møte 27.11.17:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging».*
2. *KPMG vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evnt. avgrensingar og ressursbruk.*
3. *Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast 3 veker før neste kontrollutvalsmøte.*
4. *Prosjektplanen vert teke opp til godkjenning i neste møte.*

**Føremål, avgrensingar og problemstillingar**

Med utgangspunkt i det som går fram over har KPMG levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging». Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av forslaget til prosjektplan står dette om føremål og avgrensingar:

*Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Stord kommune har ein hensiktsmessig og tilstrekkeleg styring med innkjøp og kontraktar for å ivareta krava i lov og forskrift om offentlege anskaffelser.*

*Forvaltningsrevisjonen omfattar heile kommunen, men vektlegg einingane plan og byggesak og eigedom. Som ledd i forvaltningsrevisjonen skal det gjerast testar av eit tilfeldig utval gjennomførte anskaffingar. Vi skal også hente inn informasjon om konkret kontraktsoppfølging for eit utval av kontraktar. Det er eit formål at undersøkinga skal dokumentere kva som fungerer bra mht. anskaffingar og kontraktsoppfølging og kva som bør forbetrast. Dette er avgrensa til:*

- ✓ *Test av inntil åtte gjennomførte kjøp*
- ✓ *Avsjekkar knytt til kontraktsoppfølging for inntil fem kontraktar*
- ✓ *Intervju med eit utval av personar med ansvar for kontraktsoppfølging for inntil fem kontraktar*

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som formål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer avvik eller moglege forbetningsområder.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad blir grunnleggjande krav i regelverket etterlevd ved anskaffingar?
2. I kva grad er det samsvar mellom intern kompetanse og etablerte rutinar knytt til anskaffingar i kommunen?
3. Korleis og i kva grad er kontraktsetterleving systematisk følgd opp? Herunder:
  - a. Førebuing av kontraktsgjennomføring
    - Avklare roller og rutinar for oppfølging av den enkelte kontrakt
    - Gjere kontraktsvilkår, roller og rutinar for oppfølging kjent og forstått
  - b. Bruk av kontrakten
    - Følgje opp bestilling og leveranse
    - Godkjenning og betaling
  - c. Forvaltning av kontrakt overfor leverandør
    - Følgje opp leverandør
    - Endringsstyring
    - Avslutte kontrakt og sluttevaluering

## Drøfting

Avgrensingar går fram overfor. Elles er det i prosjektplanen informert om at Stord kommune er vertskommune for interkommunal innkjøpsordning for fem kommunar i Sunnhordland. Prosjektet vert ikkje retta inn mot sjølv innkjøpsamarbeidet, men det omfattar elles heile kommunen, medan einingane plan og byggesak og eigedom er vektlagt.

Om ønskjeleg kan ein gå enno breiare ut, men prosjektet må og tilpassast kva økonomi utvalet disponerer, jmf. anna sak til dette møtet. Prosjektet vil uansett vera ein god syretest på korleis det står til med offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging i kommunen. Ved funn kan det og vera eit godt grunnlag for betringsarbeid i organisasjonen.

I dette revisjonsprosjektet vil KPMG m.a. nytta dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosessar som metode.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen, meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

Ved bestilling av prosjektet primo mars mnd., er det lagt opp til at rapporten er klar til august d.å. Såleis vert det lagt opp til å handsama rapporten i kontrollutvalet sitt møte 10.09.18. For at det skal vera tilstrekkeleg tid til sakshandsaming i sekretariatet, vert det bede om oversending av rapport tre veker før møtet.

## Konklusjon

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremålet og problemstillingane ser ut til å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjent inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.

## Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» frå KPMG, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Evt. ny / korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 08.03.2018. Kontrollutvalsleiar i



- samråd med sekretariatet har fullmakt til å godkjenna ein endra prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
  4. Det er ønskeleg at KPMG prioriterer dei tiltak som ligg i rapporten.
  5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå KPMG si side innan 20.08.2018, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 KPMG - forslag til prosjektplan



# Prosjekt- plan

**Offentlege anskaffingar og  
kontraktsoppfølging**  
Forvaltningsrevisjon  
Stord kommune

Januar 2018

[www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)

# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>2</b>
1.1 Bakgrunn	2
1.2 Forarbeid	2
<b>2. Formål, problemstillingar og kriterier</b>	<b>4</b>
2.1 Formål og avgrensing	4
2.2 Problemstillingar	4
2.3 Revisjonskriterier	5
<b>3. Tilnærming, team og honorar</b>	<b>6</b>
3.1 Metode	6
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	6
3.3 Prosjektteam	7
3.4 Honorar	7

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Forvaltningsrevisjonen "Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging" er eit av dei prioritert prosjekta i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 i Stord kommune.

I den overordna analysen som ligg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 er det peikt på ein risiko for brot på lov og forskrift om offentlege anskaffingar som kommunen er underlagd, og risiko for manglande kvalitet i leveransane. Det blir vist til at det ikkje er sikkert at alle kjøp er i samsvar med regelverket, og det er fare for at avtalar ikkje blir etterlevd slik dei skal. Kontraktar knytt til bygg, vedlikehald og veg blir trekt fram som døme på område der det kan vere risiko for manglande kontraktsoppfølging.

Kontrollutvalet i Stord kommune vedtok 27.11.17 i sak 46/17 å bestille ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon om "Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging" frå KPMG. KPMG vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve. Det vart påpeikt i partsbrev datert 07.12.17, at kontrollutvalet i tråd med den overordna analysen vurderer at det ikkje er sikkert at alle kjøp er i samsvar med regelverket, og at det er fare for at avtalar ikkje blir etterlevd slik dei skal.


## 1.2 Forarbeid

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere formål og problemstillingar. I prosessen har vi:

- Gjennomført kartleggande samtale med innkjøpssjef i Stord kommune
- Innhenta oversikt gjennom organisasjonskart, omtaler av innkjøpseininga og felles prosedyrar for anskaffingar i Stord kommune

I den følgjande delen presenterer vi kort resultatet av den førebuande analysen, vår tolking av informasjonen og anbefaling til fokus i revisjonen. I vår tilnærming til temaet tar vi utgangspunkt i ein fasemodell for anskaffingar.

Proessen for ein anskaffing deles typisk inn i fem fasar, som vist i figuren under:<sup>1</sup>



**Planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffingar** (steg 1-3) er regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Eit siktemål med regelverket er at innkjøp skal vere underlagt konkurranse, mellom anna for at innkjøp skal bli prismessig gunstig og for å sikre effektiv bruk av samfunnets ressursar.

Når det gjeld arbeid med å gjennomføre anskaffingar viser den førebuande analysen:

- ✓ Stord kommune er vertkommune for interkommunal innkjøpsordning for kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Tysnes og Stord. Det interkommunale innkjøpsforumet handterer fellesavtalar som rører ved

<sup>1</sup> Rettleiar for kontraktsoppfølging av offentlege anskaffingar, DIFI

medlemskommunane. Fellessjefen for dette samarbeidet har ei 80% stilling i den interkommunale innkjøpsordninga, og ei 20% stilling i Stord kommune.

- ✓ Kommunen er organisert med kommunalsjefar innanfor NMK (næring, miljø og kultur), RH (rehabilitering, helse og omsorg), og OU (opplæring og utdanning). Einingane er fordelt mellom desse kommunalsjefane. Sentraladministrasjonen består av rådmannen, økonomisjef og personal- og organisasjonssjef. Under økonomisjef ligg innkjøpskontoret. Innkjøpskontoret har ein stabsfunksjon.
- ✓ Kvar eining gjennomfører anskaffingar internt. Dei tilsette som gjennomfører anskaffinga har ei prosjektleiarrolle.
- ✓ Stord kommune har felles prosedyrar og strategi for innkjøp internt i kommunen.
- ✓ Stord kommune bruker DIFI sine rettleiarar og avtalar i anskaffingsarbeidet.
- ✓ I den interne innkjøpstrategien heiter det at alle kommunale innkjøp skal følgja lov og forskrift om offentlege anskaffingar.
- ✓ Alle innkjøp skal gjennomførast på ein slik måte at kommunen er sikra best mogleg effektiv ressursbruk basert på forretningsmessige- og likehansamingsprinsipp, slik at kommunen sine interessert vert ivareteke best mogleg på kort og lang sikt.
- ✓ Kommunen skal leggja vekt på å oppnå vinst og maknadmessige fordelar gjennom konkurranse, koordinering og samordning.

Vår tilråding er at forvaltningsrevisjonen fokuserer på einingane og ikkje på innkjøp som gjerast av innkjøpskontoret/ innkjøpssamarbeidet i Sunnhordaland interkommunale innkjøpsforum, då det gjerast store innkjøp for kommunen i einingane. Revisjonen kan sjå nærare på etterleving av grunnleggjande krav i regelverket. Vidare kan revisjonen undersøkje om det er klargjort kven som kan bestille og godkjenne kva typar innkjøp, og kor godt samsvar det er mellom innkjøpskompetanse hos desse og den støtte og kvalitetssikring som vert gitt av felles rutinar, herunder tilgjengelege felles prosedyrar og bruk av støtteroller.

**Kontraktsoppfølging** (steg 4-5) er alle forholda og situasjonar som oppstår frå kontrakt er signert til kontrakten er avslutta og partane ikkje lenger har rettar og pliktar etter kontrakten. Anskaffingsregelverket gjeld i utgangspunktet berre for prosessen fram til inngåing av kontraktar. Reglane har likevel den verknaden at endringar i ein eksisterande kontrakt i nokon tilfelle vil bli sett på som inngåing av ein ny kontrakt, slik at oppdragsgjevar ikkje utan vidare kan foreta slike endringar. Oppdragsgjevar må då i staden gjennomføre ein ny konkurranse i tråd med regelverket.

Den førebunde analysen viste at:

- ✓ Stord kommune har ingen retningslinjer eller prosedyrar for kontraktsoppfølging. Praxis i kommunen er at den som gjennomfører anskaffinga er den som også gjennomfører kontraktsoppfølginga.
- ✓ Innkjøpssjef i Stord kommune oppgav at kontraktsoppfølging blir sett som ein stor utfordring i kommunen. Denne utfordringa er knytt til manglande kapasitet, då kontraktsoppfølging er tidkrevjande.

Kontraktane som vert inngått inneheld rutinar, fristar, ansvar, framdrift og kontraktsvilkår som sikrar avtalt leveranse til riktig tid, i riktig mengde og med riktig kvalitet. I kontraktsoppfølginga er det derfor grunnleggjande at kontraktsvilkåra gjerast kjente i relevante einingar og at ansvar for å følgje opp ulike element vert plassert i kommunen. Det bør settast av tilstrekkeleg med ressursar og etablerast rutinar for oppfølging av den konkrete kontrakt.

For eit utval av inngåtte kontraktar, kan forvaltningsrevisjonen undersøkje korleis og i kva grad kommunen har følgd desse opp i praksis for å sikre etterleving av kontrakten. Som ein del av denne undersøkinga kan det gjerast kontrollar av eksempelvis samla verdi av kjøp frå leverandøren i høve til kontraktsverdi, og om enkelte utbetalingar er i samsvar med avtalt type vare/teneste og pris- og betalingsbestemmingar i kontrakten. Undersøking av oppfølgingsaktivitetar kan også gi ein peikepinn på kor mykje tid og ressursar som vert nytta på oppfølging, og korleis prioritering av oppfølging balanserast i høve til vurdert risiko knytt til kontraktane.

## 2. Formål, problemstillingar og kriterier

### 2.1 Formål og avgrensing

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Stord kommune har ein hensiktsmessig og tilstrekkeleg styring med innkjøp og kontraktar for å ivareta krava i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.

Forvaltningsrevisjonen omfattar heile kommunen, men vektlegg einingane plan og byggesak og eigedom. Som ledd i forvaltningsrevisjonen skal det gjerast testar av eit tilfeldig utval gjennomførte anskaffingar. Vi skal også hente inn informasjon om konkret kontraktsoppfølging for eit utval av kontraktar. Det er eit formål at undersøkinga skal dokumentere kva som fungerer bra mht. anskaffingar og kontraktsoppfølging og kva som bør forbetrast. Dette er avgrensa til:

- ✓ Test av inntil åtte gjennomførte kjøp
- ✓ Avsjekkar knytt til kontraktsoppfølging for inntil fem kontraktar
- ✓ Intervju med eit utval av personar med ansvar for kontraktsoppfølging for inntil fem kontraktar

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som formål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer avvik eller moglege forbetningsområder.

### 2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av formålet blir følgjande problemstillingar foreslått:

1. I kva grad blir grunnleggjande krav i regelverket etterlevd ved anskaffingar?
2. I kva grad er det samsvar mellom intern kompetanse og etablerte rutinar knytt til anskaffingar i kommunen?
3. Korleis og i kva grad er kontraktsetterleving systematisk følgd opp? Herunder:
  - a. Førebuing av kontraktsgjennomføring
    - Avklare roller og rutinar for oppfølging av den enkelte kontrakt
    - Gjere kontraktsvilkår, roller og rutinar for oppfølging kjent og forstått
  - b. Bruk av kontrakten
    - Følgje opp bestilling og leveranse
    - Godkjenning og betaling
  - c. Forvaltning av kontrakt overfor leverandør
    - Følgje opp leverandør
    - Endringsstyring
    - Avslutte kontrakt og sluttevaluering

## 2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane vert det stilt opp revisjonskriterier. Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie revisjonskriterier vil vere:

- Kommunelovens § 23 om administrasjonssjefens internkontroll, samt god praksis for internkontroll kor vi bygger på KS sin rettleiar, "Rådmannens internkontroll, 2013".
- Lov og forskrift om offentlige anskaffelser
- DIFIs rettleiing om kontraktsoppfølging
- Kontraktar

# 3. Tilnærming, team og honorar

## 3.1 Metode

For å svare på problemstilling 1 vil vi samle inn dokumentasjon frå kommunen for eit tilfeldig utval gjennomførte kjøp, samt stille oppfølgingsspørsmål/innhente kommentarar frå kommunen ved behov.

For å svare på problemstilling 2 vil vi samle inn dokumentasjon på kommunens organisering og rutinar. Det vil også vere sentralt å gjennomføre intervju med leiarar og tilsette som er involvert i anskaffingar og kontraktsoppfølging i kommunen.

For å svare på problemstilling 3 vil vi gjennomgå kontraktsoppfølginga i eit utval av kontraktar gjennom intervju og dokumentasjon på oppfølgingsrutinar/aktivitetar. Vi vil også gjere avsjekkar av kjøp på kontraktar ved hjelp av regnskapsdata i kommunen sin system.

Informasjonen som vert samla inn vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriterier.

Val av personar for intervju vil bli avtalt nærare med kommunen. Ved gjennomføring av intervju utarbeidar vi intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering. Informasjonen som samlast inn frå dokument og intervju vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriterier, for at vi så gir svar på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

## 3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

Faser + aktivitetar	Ansvar	Timar	Februar				Mars				April				Mai				juni				juli				august			
			6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	29	30	31	32	33
<b>1 Forberede</b>			■																											
1.1 Forundersøkelse	KPMG		■																											
1.2 Etablere prosjektplan	KPMG		■																											
1.3 Godkjenning prosjektplan KU	KPMG		■																											
<b>2 Starte opp</b>					■	■																								
2.1 Sende oppstartsbrev	KPMG				■	■																								
2.2 Oppstartsmøte	KPMG				■	■																								
2.3 Dokumentliste	KPMG				■	■																								
2.4 Intervjuplan	KPMG				■	■																								
<b>3 Gjennomføre</b>									■	■	■	■	■	■	■	■	■	■												
3.1 Dokumentanalyse	KPMG								■	■	■	■	■	■	■	■	■	■												
3.2 Intervjuguide	KPMG								■	■	■	■	■	■	■	■	■	■												
3.3 Intervju	KPMG								■	■	■	■	■	■	■	■	■	■												
3.4 Analyse	KPMG								■	■	■	■	■	■	■	■	■	■												
3.5 Kvalitetssikring	KPMG								■	■	■	■	■	■	■	■	■	■												
3.6 Rapportutkast	KPMG								■	■	■	■	■	■	■	■	■	■												
<b>4 Rapport</b>																					■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
4.1 Ferdigstille rapportutkast	KPMG																				■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
4.2 Høring rapportutkast (1-2 u.)	KPMG																				■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
4.3 Oversending av rapport	KPMG																				■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
4.4 Presentasjon KU	KPMG																				■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		<b>220</b>																												

Aktivitets- og framdriftsplanen viser at arbeidet med forvaltningsrevisjonen kan starte opp i mars, etter at prosjektplanen er vedtatt i kontrollutvalet. I tidsrommet mars - april vil vi samle inn og analysere data. Rapportskrivning og høyring av rapporten vil skje i mai – juni. Levering av endeleg rapport til kontrollutvalet sitt sekretariat, og presentasjon av rapporten til kontrollutvalet, vil vere klart til august.



### **3.3 Prosjektteam**

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av følgende:

Prosjektleder er senior associate Lena Davik Fjørtoft

Prosjektdeltakere er:

- Associate Håkon Lindberg
- Senior associate Bjørg Rabbe Sandven

Director Ole W. Fundingsrud vil vere oppdragsansvarleg.

### **3.4 Honorar**

I samsvar med avtale.





**Kontakt oss**

**Ole Willy Fundingsrud**

**Direktør**

**T** +47 40 63 96 92

**E** ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

**Lena Davik Fjørtoft**

**Senior Associate**

**T** +47 40 63 92 64

**E** lena.fjortoft@kpmg.no

[kpmg.no](http://kpmg.no)



© 2018 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

This proposal is made by KPMG AS, a limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International, a Swiss cooperative, and is in all respects subject to the negotiation, agreement, and signing of a specific engagement letter or contract. KPMG International provides no client services. No member firm has any authority to obligate or bind KPMG International or any other member firm vis-à-vis third parties, nor does KPMG International have any such authority to obligate or bind any member firm.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2016/80-52  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	9/18	01.03.2018

## Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16

### Bakgrunn for saka

Bakgrunn for saka går fram av epost sekretariatet sende til Stord kommune v/ rådmannen 29.12.17.:

«Stord kommune v/ rådmannen

På kontrollutvalet sitt siste møte av året, vart det i sak PS 51/17 Evnt. drøfta oppfølging av nokre saker som utvalet har vore engasjert i.

Det vert vist til underpkt. 1 i kontrollutvalet sitt vedtak:

#### *Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand*

- *Utvalet ønskjer skriftleg tilbakemelding, med oppsummering av oppfølging etter kommunestyrevedtak i saka.*

Utvalet oversende hausten 2016 notat med innstilling om eigedomen Evjestrand til kommunestyret – og kommunestyret handsama dette som sak PS 69/16, der det vart gjort slik vedtak.

#### **Vedtak:**

1. *Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.*
2. *Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.*
3. *Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.*
4. *Kommunestyret syner til gjennomgangen av saka om Evjestrand og konkluderer med at administrasjonen har handla i tråd med Stord kommune sine interesser i reforhandlinga av 2004-avtalen.*

5. *Kommunestyre ber ordføreren snarast ta initiativ til at begge partar reverserer saka kring kjøp/sal av eigedomen Evjestrand, inkl. avtalen frå 2004, og slik gjenoppretter omdømme og folks tillit til Stord kommune.*
6. *Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrand er mest føremålstenleg for kommunen.*
7. *Om konklusjon på pkt 6 er at sal bør gjennomførast, føreset kommunestyret at denne vert handsama og dokumentert i samsvar med gjeldande regelverk.*

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

Revisjonshandlinga som munna ut i dette notatet, vert vurdert som ein analog situasjon. Det vert bede om ei skriftleg tilbakemelding om den vidare oppfølginga av vedtak i kommunestyresak PS 69/16 **innan 31. januar 2018.**»

### **Drøfting**

Rådmannen svarte på førespurnaden 10.01.18., og svaret ligg som vedlegg til denne saka.

Han legg til grunn at det her gjeld oppfølging av vedtakspunkt 3 og 6, noko som verkar greitt.

I tillegg vert det orientert om at oppfølging av vedtakspunkt 5 – reversering kring kjøp/sal av eigedomen - vart følgt opp etter initiativ av ordføreren. Kommunestyret godkjente avtale om dette i desember 2016, sak PS 90/16.

Vedr. vedtakspunkt 3. Kommunestyret ønskjer – på bakgrunn av notat og øvrig sakstilfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedomar på nytt.

I svarbrevet går det fram at eigedomen Evjestrand vart seld i 2004, medan gjeldande prosedyre, der marknadspris er eit berande prinsipp, vart vedteken i 2011. Vidare står at «Rådmannen finn ikkje grunn for å endra på dette». Det vert føresett at rådmannen har vurdert prosedyren, men funne at den framleis held mål. I denne saka er det prosedyren, og ikkje korleis den evt. vert praktisert, som er etterspurt.

Gjeldande prosedyre går fram av vedlagt svar.

Vedr. vedtakspunkt 6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrand er mest føremålstenleg for kommunen.

Her har rådmannen lagt til grunn at dette vedtakspunktet er avløyst av seinare vedtak i kommunestyret , sak PS 90/16, pkt. 3 og 4:

3. *Kommunestyret vil avventa det pågåande planarbeidet for Leirvik sentrum før ein på ny vurderer sal av eigedomen Evjestrand.*
4. *Kommunestyret bed om at rådmannen tek initiativ til brei innbyggjarmedverknad i den vidare prosessen med å finna best mogleg utnytting av Evjestrand-tomta for innbyggjarane i Stord kommune.*

I vedlagt svarbrev er det gjort greie for at dette vert følgt opp på tilfredsstillande vis.

### **Konklusjon**

Det synest som at kommunestyret sitt vedtak i sak PS 69/16, vedr. eigedomen Evjestrand, er følgt greitt opp. Såleis vert det råda til at kontrollutvalet no seier seg ferdig med saka.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld revisjon vedr. eigedomen Evjestrand, og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Rådmannen - Svar knytt til revisjon vedr. eigedomen Evjestrand

Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet  
v/Hogne Haktorson  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 10.01.2018  
Vår ref: 2016/217 - 649/2018 / 033  
Dykkar ref:

## **Svar - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST sak PS 69/16.**

Viser til e-post frå deg datert 29.12.17, der du på vegne av Kontrollutvalet ber om ei oppsummert attendemelding frå rådmann, om korleis Evjestrاند-saka er følgt opp etter Kontrollutvalet sin revisjon.

Utvalet oversende hausten 2016 eit notat med innstilling om eigedomen Evjestrاند til kommunestyret. Kommunestyret handsama dette som sak PS 69/16, der det vart gjort slik vedtak.

### **«Vedtak:**

- 1. Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.*
- 2. Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.*
- 3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.*
- 4. Kommunestyret syner til gjennomgangen av saka om Evjestrاند og konkluderer med at administrasjonen har handla i tråd med Stord kommune sine interesser i reforhandlinga av 2004-avtalen.*
- 5. Kommunestyret ber ordføraren snarast ta initiativ til at begge partar reverserer saka kring kjøp/sal av eigedomen Evjestrاند, inkl. avtalen frå 2004, og slik gjenoppretter omdømme og folks tillit til Stord kommune.*
- 6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrاند er mest føremålstenleg for kommunen.*
- 7. Om konklusjon på pkt. 6 er at sal bør gjennomførast, føreset kommunestyret at denne vert handsama og dokumentert i samsvar med gjeldande regelverk.»*

Rådmannen legg til grunn at det i her gjeld oppfølging av vedtaks punkt 3 og 6.

### Ad 3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.

Kommunestyret har vedteke ei prosedyre for sal av eigedommar. Prosedyra er søkt utforma i tråd med nasjonale og internasjonale krav til sal av offentleg fast eigedom og bygningsmasse. Mellom anna tek prosedyra omsyn til at eigedom skal seljast til marknadspris, enten på grunnlag av takst eller open bodrunde. Rådmannen finn ikkje grunnlag for å endra på dette. Eigedomen Evjestrاند vart seld i 2004, men prosedyra vart først vedteken i 2011. Prosedyra vert nytta ved sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune, og lyder slik:



## «Retningslinjer for sal av fast eiendom og bygningsmasse i Stord kommune

### Aktivitet/skildring

Vedteke i Kommunestyret PS 1/11, 17.02.11. (Ephorte 10/1965)

*For å sikra at sal av eiendom skjer på ein måte som sikrar openheit og rett pris i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter (EØS), gjeld følgjande retningslinjer for sal av kommunal eiendom:*

1. *Sal av kommunal eiendom, inkludert bygningar, skal skje til marknadspris.*
2. *Marknadsprisen skal definerast ved open bodrunde eller unntaksvis etter takst frå uhilda takstmann ( jf. prinssipp i ESA sine retningslinjer). Innan 3 mnd. før bodrunde m å eiendom/bygning annonserast i høveleg media.*
3. *Før vedtak om sal av eigned om/bygning skal ein vurdere om kommunen skal stille krav knytt til framtidig bruk av eiendomar/bygningar*
  - a. *Dersom Stord kommune stiller vilkår for utnytting av eiendomen / bygningen skal – den verdireduksjon som vilkåret representerer avspeglast i annonsering og takst/verdifas tsetting*
  - b. *Salsavtalar må ikkje innehalde element av gjenkjøp som kan vera i strid med lov om offentlige anskaffingar.*
4. *Salsavtalar knytt til kommunal eiendom/bygningar skal som hovudregel ikkje innehalde reglar om kommunale eigardelar eller leigeavtalar etter gjennomførtsal.*
5. *Sal av eiendomar , som tilleggsareal inntil 200 m2, kan utførast utan open bodrunde med pris fastset ting ut frå det generelle prisnivået i området. Til dømes ved innhenting av erfaringspris eller ved bruk av uhilda takstmann .*
6. *Den som til ei kvar tid har fullmakt til å gjennomføre sal av kommunale eiendom/bygning skal ha intern kontroll system m/sjekkliste, som kvalitetssikrar at sal av eiendom vert handsama i samsvar med desse retningslinjer.»*

Ad 6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrands er mest føremålstenleg for kommunen.

Ordføraren tok initiativ til å forhandla fram ei avtale med Paladio AS om reversering av kontrakt om sal av eiendomen Evjestrands, både gnr. 39 bnr. 384 og ein mindre del av gnr. 39 bnr. 5. Avtalen vart godkjent av kommunestyret i desember 2016, sak PS 90/16.

Eiendomen Evjestrands er i tillegg til hamneområde/kai m.a. regulert med føremål forretning og kontor. Så lenge kommunen sjølv ikkje har behov eller planar som tilseier at kommunen skal byggja ut tomta, så meiner rådmannen at sal fortsatt kan vera aktuelt for å utvikla eiendomen i samsvar med vedtekte planar.

Rådmannen har likevel ikkje starta ein prosess for å vurdere sal av eiendomen. Dette fordi ein har lagt til grunn at dette vedtakspunktet er avløyst av seinare vedtak i kommunestyresak 90/16, pkt. 3 og 4:

3. *Kommunestyret vil avventa det pågåande planarbeidet for Leirvik sentrum før ein på ny vurderer sal av eiendomen Evjestrands.*
4. *Kommunestyret bed om at rådmannen tek initiativ til brei innbyggjarmedverknad i den vidare prosessen med å finna ei best mogleg utnytting av Evjestrands-tomta for innbyggjarane i Stord kommune.*

I samband med prosjektet «Den tette byen», eit delprosjekt i «Byregionprogrammet» som også skal inngå i revisjonen av kommunedelplan for Leirvik, vil det verta lagt opp til innbyggjarmedverknad. Det skal som del av dette arbeidet våren 2018 utarbeidast ein «mogelegheitsstudie» for Leirvik. Denne vil ta opp i seg ei vurdering kvartalsstruktur, torg, plassar,

m.m. og samanheng mellom sentrum og sjø. Ein meiner det vil vera rett å vurdere vidare utvikling av tomta som del av denne prosessen.

Med helsing

Magnus Mjør  
Rådmann

Iren Dyrseth  
controller

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*





Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 232  
Arkivnr: 2016/55-18  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	10/18	01.03.2018

## Årsrapport frå skatteoppkrevjaren og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 - Stord kommune

### Bakgrunn

Viser til utdrag frå brev av 21.02.2005, frå Skattedirektoratet:

*"Kommunenes behandling av skatteregnskapene etter at kontroll og revisjon er overtatt av staten.*

- *Staten er nå gitt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkreverfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatteregnskapet, mens oppfølgingen av den interne kontroll hos skatteoppkrever, utføres av regionale kontrollenheter lokalisert ved fem skattefogdkontor. Det er i denne forbindelse stilt spørsmål vedrørende kommunens behandling av skatteregnskapet.*

*Kommunestyret / kontrollutvalget skal etter det som er sagt over ikke lenger behandle selve skatteregnskapet, men får ved kontrollrapporten en tilbakemelding på om skatteoppkreverfunksjonen blir utført på en tilfredsstillende måte. Rapporten inneholder også eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalget, men forutsetter at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet anser det likevel som naturlig at skatteoppkrever oversender skatteregnskapet og kopi av sin halvårlege redegjørelse til kommunestyret / kontrollutvalget."*

Skattedirektoratet har vidare i brev dagsett 02.05.07 svara dette på førespurnad når det gjeld kontrollutvalget sin innsynsrett og tilsynsrolle knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen:

*"Ut i fra en vurdering av de aktuelle hjemler mener Skattedirektoratet at kontrollutvalget kan kreve å få seg forelagt nøkkeltall som vist i vedlagte skjema fra skatteregnskapet. Til tross for at kontrollutvalget ikke har instruksjonsmyndighet over skatteoppkreverne bør kontrollutvalget ha adgang til å bemerke forhold vedrørende samlede restanser og arbeidsgiverkontroll så lenge dette er et ledd i utvalgets arbeid med kontroll av revisjon og den økonomiske forvaltning i kommunen og fylkeskommunen."*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00  
Direkte telefon 55239453 – Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)  
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Kommunal- og regionaldepartementet har i brev dagsett 01.06.07 kommentert skattedirektoratet sin uttale på denne måten:

*"Departementet har gått gjennom Skattedirektoratets vurdering av spørsmålene. Vi slutter oss til Skattedirektoratets vurdering og avklaring av de konkrete spørsmålene som er reist."*

### **Drøfting**

Med bakgrunn i desse utsegnene frå skattemyndigheitene vert rapportar vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stord kommune lagt fram til drøfting:

- Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Stord kommune, frå Skatteetaten, datert 09.02.2018.
- Årsrapport for 2017 frå skatteoppkrevjaren i Stord kommune, datert 20.01.2018, med skatterekneskap og forklaring til skatterekneskapen.

Kommunane Stord og Fitjar har sams skatteoppkrevjarkontor, med 2,8 årsverk i 2017. Trass i ei lengre sjukemelding dette året, har kontoret fått god tilbakemelding i kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017

Det vart gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing 22. og 23.05.2017. Her vart det gjeve eit pålegg vedr. dokumentasjonskrav relatert til betalingsordningar. Dette er sjekka ut gjennom at skatteoppkrevjar har meddelt at ho har innretta seg etter dette pålegget.

Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stord kommune frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkrevjar utfører oppgåvene på ein tilfredstillande måte på alle fagfelt. Døme:

- Alle innkrevjingsresultat er innfridd ift. resultatkrav for 2017.
- Det er gledeleg at skatteoppkrevjaren også i år har oppnådd resultatkravet på 5% arbeidsgjevarkontrollar ift. tal arbeidsgjevarar i kommunen.

Kontrollrapport frå Skatteetaten og årsrapport frå skatteoppkrevjar ligg som vedlegg til denne saka.

### **Konklusjon**

Kontrollrapporten frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkrevjarfunksjonen i Stord kommune totalt sett, og i det alt vesentlege, er i samsvar med gjeldande krav og regelverk. På bakgrunn av dei framlagde årsrapportane vert kontrollutvalet invitert til å gje ein uttale om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen.

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Stord kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Stord kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 vert teke til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Skatteetaten - Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Stord kommune
- 2 Skatteoppkrevjaren - Årsrapport for 2017 i Stord kommune
- 3 Skatteoppkrevjaren - Skatterekneskap 2017 for Stord kommune
- 4 Skatteoppkrevjaren - forklaring til årsrekneskapen / skatterekneskapen



Datoen vår 09.02.2018	Datoen din	Sakshandsamar Ane Mikalsen
800 80 000 Skatteetaten.no	Referansen din	Telefon 95258026
Org.nr 991733108	Referansen vår 2017/30848	Postadresse Njøsavegen 2 6863 Leikanger

Kommunestyret i Stord kommune  
Borggata 2  
5417 Stord

## Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjaren for Stord kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfygging av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

### 2. Om skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjarkontoret omfattar kommunane Stord og Fitjar.

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015
2,8	2,3	2,3

### 3. Måloppnåing

#### Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2018. Skattekontoret har motteke rekneskapen etter fastsett frist. Årsrapport og rekneskap var motteke innan fristen, men det var ikkje signert og datert. Gyldig årsrapport og rekneskap er motteken etter fristen.



Årsrekneskapen for Stord kommune viser per 31. desember 2017 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 2 116 156 754 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 42 833 045, av dette krav stilla på vent kr 56 851.

### Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2017 for Stord kommune.

	Resultatkrav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2016 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2017 (i %)
Restskatt personlege skattyttarar 2015	96,8	97,6	97,3	95,8
Arbeidsgjevaravgift 2016	99,8	99,8	99,8	99,9
Forskotskatt personlege skattyttarar 2016	99,0	99,7	99,6	99,6
Forskotstrekk 2016	99,9	99,9	99,9	100,0
Forskotskatt upersonlege skattyttarar 2016	99,8	100,0	99,8	100,0
Restskatt upersonlege skattyttarar 2015	99,0	99,4	98,9	98,8

### Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Resultat for kommunen per 31. desember 2017 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordning a	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevaran e)	Tal utførte kontrollar i 2017	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utført kontroll 2017 region (i %)
616	31	32	5,2 %	5,1 %	4,6 %

## 4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

